

Fra: Jarle Landås
Sendt: 12. august 2014 15:51
Til: 'Rune Bø'
Kopi: Jon Askeland
Emne: SV: Vedr Rådmannen sitt framlegg til vedtak kring salet av Hordabøheimen

Hei.

Som tidlegare informert om så vil trafikklysing for området inkludert parkering vere tema i områdeplanen for Bø. Vi ønskjer eit stor engasjement rundt planen slik at den vert best mogleg og inneheldt gode løysingar. Dispensasjonane som er gitt er midlertidige fram til løysingane i områdeplanen føreligg.

Når det gjeld trafikkbelastninga i området må dette sjåast på i litt lengre perspektiv enn fram til no. Slik eg har forstått så har det føregått ombygging. Vedtak om bruksendring til hybelhus er gitt nyleg og vi vil først no og fram i tid kunne sjå kva trafikk som til vanleg vil vere på veggen fram til hybelhuset.

Mvh

Jarle Landås

Rådmann Radøy kommune

Jarle.landas@radoy.kommune.no

Tlf. 56349020 / 40228215



Fra: Rune Bø [<mailto:ru-boe2@online.no>]

Sendt: 10. august 2014 13:33

Til: Jarle Landås

Kopi: 'Ståle Villanger'

Emne: RE: Vedr Rådmannen sitt framlegg til vedtak kring salet av Hordabøheimen

Hei!

Takkar for svaret ditt, men kan ikkje sei at me overbevist om at det kjem til å skje noko i dei punkta som me tok opp.

Du informerer om at du tek opplysningane som blir gitt om parkering/trafikkauke for vidare vurdering. Er det eit svar? Det er ikkje godt nok for oss, no krev me handling frå rådmannen.

Det er kommunen sjølv som har sett seg i denne situasjonen som har ført til trafikkauke, samt att dei har akseptert at dei nye eigarane av "Hordabøheimen" har tatt seg til rette når det gjeldt parkering. I løpet av helga har dei laga nok ein ulovlig parkeringsplass framfor "Hordabøheimen". Etter som me veit skal det være ein felles innkjørsel til parkeringsplassar.

Hadde kommunen fulgt salsprospektet der det var krav om bruksendring til offentlig bygg/standard, hadde det ikkje flytta bebuarar inn på "Hordabøheimen" før ny innkjørsel/fortau/lys/egne parkeringsplassar etc ,var på plass.

Så no lurer me på om rådmannen har ein dato kor tid arbeidet med ny innkjørsel til "Hordabøheimen" samt ferdigstilling av boligfeltveien vår blir påbegynt. Skjer ikkje dette raskt, er me redd for at det kan skje ulykke i næraste framtid. Vert ikkje aktuelt å venta i årevis! No har kommunen pengar etter salget, sett i gang med ny innkjørsel no.....!

Håpar på eit raskt svar frå rådmannen.

PS! Me har vært i kontakt med lokal avisene ,der bebuarane i feltet, samt foreldre i barnehagen, kjem til å ta eit interjuv , med overskrift "BILTRAFIKKEN EKSPLODERT ETTER SALGET AV HORDABØHEIMEN" med full historikk fra før salget (salsprospektet for Hordabøheimen) og frem til det me har endt opp med no.

Samtidig vil me senda all historikk om salget av "Hordabøheimen" til fylket (fylkesmannen).

Det blir ikkje "stilt" frå oss før boligfeltveien vår er stengt.

Mvh

Ståle Villanger og Rune Bø

Bøvågen.

11.08.2014.

From: Jarle Landås [<mailto:Jarle.Landas@radoy.kommune.no>]

Sent: 30. juli 2014 14:56

To: Rune Bø

Subject: SV: Vedr Rådmannen sitt framlegg til vedtak kring salet av Hordabøheimen

Hei.

Eg er no tilbake frå ferie og som lova som har eg sett på saka.

Hovudutvalet fatta 19.03.14 vedtak om mellombels dispensasjon frå arealføremål offentlege bygg for gamle Hordabøheimen:

Det vert gjeve mellombels dispensasjon frå arealføremål offentlege bygg til bustadføremål på følgjande vilkår:

- 1. Dispensasjonen fell bort tre år etter ikrafttreding av ny områdeplan for Bø. Bruken av eigedomen må innan utløp av tre års fristen vere bragt i samsvar med arealføremål for eigedomen som følg av den nye områdeplanen.*
- 2. Naudsynt parkering skal løysast på eiga grunn.*
- 3. Dispensasjonen er gjeve under føresetnad av at bruk til hybelhus ikkje skal føre til trafikkauke i området.*
- 4. Det må opprettast abonnement for vatn og avløp som står i samsvar med bruken av bygget.*
- 5. Dispensasjonen er gjeve under føresetnad av at det vert lagd til rette for ein bruk av bygget som tek i vare omsynet til kringliggjande offentleg verksemd og nærmiljø når det gjeld helse, miljø og tryggleik.*

Arealformål vil bli tatt stilling til i ny områdeplan for Bø og ny eigar av bygget vil måtte rette seg etter dette seinast tre år etter at ny områdeplan for Bø er vedteken og verksam.

Hovudutvalet tok stilling til arealformål. Når det gjeld bruksendring følj dette av administrativt vedtak datert 04.07.14:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 d og § 32-1 vert det GODKJENT søknad om løyve til mellombels bruksendring til hybelhus på følgjande vilkår:

- 1. Dispensasjonen fell bort tre år etter ikrafttreding av ny områdeplan for Bø.*
- 2. Det vert føresett at tiltaket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.*
- 3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 2.*
- 4. Vilkår sett i dispensasjonsvedtak sak 18/2014 skal etterkomast.*
- 5. Det er eit vilkår for unntak frå Teknisk forskrift at det vert gjennomførast branntilsyn ved Nordhordland og gulen interkommunale tilsyn før bygningen takast i bruk og at automatisk varslingsanlegg vert sett i drift.*

Som det går fram av vedtaket er bruksendring til hybelhus midlertidig og fell bort tre år etter at områdeplan er ferdig og satt i verk.

Vedtaket omfattar ikkje tal bebuarar i huset. Branntekniske vurderingar vil her vere avgjerande. I søknaden er det lagt ved ein brannteknisk vurdering der det er konkludert at branntryggleiken er ivareteken. Det er her teken utgangspunkt i 30 bebuarar.

Parkeringstilhøva for området vil verte vurdert i arbeidet med områdeplanen. I midlertidig løyve er det vilkår om parkering på eigen tomt og føresetnad er at det ikkje vil vere trafikkauke i området. Eg tek opplysningane som blir gitt om dette til informasjon for vidare vurdering.

Mvh

Jarle Landås

Rådmann Radøy kommune

Jarle.landas@radoy.kommune.no

Tlf. 56349020 / 40228215



om dette til orientering og Kommunen at vilkåra vert oppfylt og tar Opplysningane som du gir i e-posten tar vi med oss i frå Vi vil ta med opplysningane som er gitt i den vidare vurderinga. Vedtaka har vilkår om at parkering skal vere på eigen eigedom og at

Fra: Rune Bø [<mailto:ru-boe2@online.no>]

Sendt: 6. juli 2014 18:10

Til: Jarle Landås

Kopi: 'Ståle Villanger'

Emne: Vedr Rådmannen sitt framlegg til vedtak kring salet av Hordabøheimen

Hei

Me ønsker svar på ein del av punkta i ditt framlegg til vedtak, kring salet av Hordabøheimen.

1. ***"Dispensasjonen fell bort tre år etter ikraftføring av ny områdeplan for Bø. Bruken av eigedomen må innan utløp av tre års fristen vere bragt i samsvar med arealføremål for eigedomen som følgjer av den nye områdeplanen".***

Kommentar:

Slik vi kan sjå det, er bebuarane allereie i ferd med å flytta inn på Hordabøheimen utan bruksendring.

Vi les i ditt vedtak, at det er gjeve 3 åra utsetjing. Kva skjer då etter at dei 3 åra er utløpt?

Vert det då 3 nye år, eller vert det krav til full bruksendring slik det blei stilt krav om i salsprospektet?

Kor mange personar er det gjeve løyve til å flytte inn i bygget?

2. ***"Naudsynt parkering skal løysast på eiga grunn".***

Kommentar:

Slik vi kan sjå det, kan ikkje dette la seg gjennomførast. Det er pdd ikkje plass nok til dette.

Dei har gravd opp eit blomsterbed/ gangsti og laga seg ein provisorisk parkeringsplass her. Er dette byggemeldt?

Me har blitt fortald frå ordførar at dei skal transporterast i felles transportmiddel(minibuss), men sanninga er at dei KUN brukar personbilar.

Dette resulterer i at bilane står alle stader, også ved barnehagen sitt parkeringsområde.

Kor er planen at dei skal parkere når "alle" har flytta inn???? Er det ikkje krav til x- antal parkeingsplassar pr bebuar?

3. ***"Dispensasjonen er gjeve under føresetnad av at bruk til hybelhus ikkje føre til trafikkauke i området"***

Kommentar:

Slik me kommenterer i punkt 2, har trafikken auka nevneverdig etter at bebuarane no er har flytta inn, og fleire er i ferd med å gjere dette.

Rekner med at det kjem fleire, då me ser at dei driv med oppussing av alle romma som er ubebudd pdd. Dette tyder på at dette berre er byrjinga....

KONKLUSJON:

Kva har Rådmann planar om å gjere, når kjøpar av Hordabøheimen no har teke seg til rettes ved å allereie ha brutt/ ikkje fulgt vedtektene som rådmannen som øverste styrande organ i kommunen har vedteke?

Mvh

Ståle Villanger og Rune Bø

Bøvågen

06.07.2014

